

MILJØRETTA HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

KOPI

Meland kommune

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2184 - 19/7396

Saksbehandlar:

Grethe Elin Mjelde

grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:

04.03.2019

HELSEVERNGODKJENNING - LÆRINGSVERKSTEDET MAURTUA

Den 26.2.19 gjennomførte Miljøretta helsevern eit tilsyn etter «*Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.*» i Læringsverkstedet Maurtua . Internkontrollsystemet, inne- og uteareal vart inspisert. Leikeplassutstyr vert kontrollert av «*SKAN-KONTROLL*».

Styrar Lill-Merethe Kittang møtte frå verksemda og teknisk-hygienisk ingeniør Grethe Elin Mjelde møtte frå miljøretta helsevern.

➤ Heimel

Folkehelseloven, kap. 3 og **Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.** samt helsedirektoratets rettleiar til forskrifta "Miljø og helse i barnehagen" (IS-2072).

➤ Historikk

Meland Foreldrelagsbarnehage (Maurtua) starta i 2004 som andelslag i samarbeid med «Trygge barnehager». Barnehagen vart godkjent for 72 barn over 3 år. I tidlegare godkjenning står det at barnehagen har eit netto leike – og oppholdsareal på 289,4 m².

Maurtua barnehage BA vart oppkjøpt av Læringsverkstedet 1.1.14, og endra namn til Læringsverkstedet Maurtua AS.

Det har vore utført tilsyn etter forskrifa i 2006, 2011 og 2014.

➤ Tilsyn

På tilsynet vart det utført gjennomgang av internkontrollsystemet for miljøretta helsevern i barnehagen, med tilhøyrande prosedyrar og rutinar.

Synfaring av innemiljø og uteområdet vart utført med omsyn på tryggleiken og forskriftas krav.

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 57 70

Telefaks +47 56 37 50 01

Vurdering av areal:

§ 9 i rettleiarene til forskriftena ("Miljø og helse i barnehagen") har sett norm for inneareal. Rettleiande arealnormer tilseier eit areal på 4 m² for barn over 3 år og 5,3 m² for barn under 3 år. Uteområdet bør vere ca. 6 gongar større enn inneareal (24 m² for barn over 3 år og 33 m² for barn under 3 år).

Inneareal;

Læringsverkstedet Maurtua består av 3 avdelingar. Det har vore opplyst at barnehagen har eit netto leike- og opphaldsareal på 289,4 m². Ved gjennomgang av teikningar og vurdering av bruken av romma, er det funne at barnehagen har ca. 260 m² netto leike- og opphaldsareal. Dette er inkludert golvareal i kjøkken/fellesrom og fingarderobar. **Barnehagen har leike- og opphaldsareal til 65 barn over 3 år.**

Det er langt Renholdssoner® i grov- og fingarderobe.

Desse mattene er berre meint for inngangsparti (grovgarderobe). Dette vart påpeikt i 2014. Det vart opplyst at mattene skal fjernast i løpet av mars 2019. Dersom matter ikkje vert fjerna vil det bli utført ei reduksjon av netto leike- og opphaldsareal tilsvarende fingarderobar; ca. 50 m².

Pr. d.d. er det 52 barn i barnehagen, der 41 barn er over 3 år og 11 barn er under 3 år. Til denne barnegruppa treng barnehagen 222 m² netto leike- og opphaldsareal.

Læringsverkstedet Maurtua har tilfredsstillande leike- og opphaldsareal til dagens barnegruppe.

Uteleikearealet;

Barnehagen har ca. 6 000 m² tomteareal. Med fråtrekk for parkeringsplass og bygningar har barnehagen ca. 4 500 m² inngjerda leikeareal. Dagens barnegruppe treng ca. 1 350 m².

Læringsverkstedet Maurtua har tilfredsstillande leikeareal ute.

Avvik/merknad:

Definisjonar:

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsett i lov eller forskrift med heimel i lov.

Merknad: Forhold som tilsynsmyndigheita meiner det er nødvendig å påpeike, men som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik.

Det vart funne 0 avvik og 7 merknadar.

- **Merknad 1: Renholdssoner® ligg i fingarderobe**

§ 9; Utforming og innredning

Fylgjande observasjon ligg til grunn for merknaden:

Renholdssoner® er berre meint for inngangsparti (grovgarderobe). Barnehagen har Renholdssoner® i fingarderobe. Leike- og opphaldsareal som har Renholdssoner® skal ikkje reknast med som leike- og opphaldsareal.

Kommentarar:

I fylgje styrer skal Renholdssoner® fjernast frå fingarderobar i løpet av mars 2019. Dersom matter ikkje vert fjerna vil det bli utført ei reduksjon av netto leike- og opphaldsareal tilsvarende fingarderobar; ca. 50 m².

- **Merknad 2: Kjøkken må tilfredsstille krav gitt i «*Forskrift om næringsmiddelhygiene*»**

§ 11; Måltid

Fylgjande observasjon ligg til grunn for merknaden:

Det vert servert dagleg måltid i barnehagen. Kjøkken har ikkje handvask, men berre ei utslagsvask (dobel).

Mattilsynet:

Barnehager som lager og/eller serverer mat er å regne som en næringsmiddelvirksomhet. Det betyr at barnehagen må følge næringsmiddelregelverket og at Mattilsynet har tilsynsmyndighet.

Det er virksomhetens eget ansvar å innrede og drive i henhold til regelverket.

Kommentar:

Barnehagen må avklare med Mattilsynet om dagens løysning på kjøkkenen angåande handvask er tilfredsstillande.

Opplysningar frå Mattilsynet:

Alle avdelinger sitt kjøkken skal ha egen håndvask. Det skal være egen vask for håndvask, og den skal komme i tillegg til oppvask-kumme(r). Oppvask og håndvask skal ikke skje i samme kum.

- **Merknad 3: Barnehagen manglar reingjeringsrutinar for berøringspunkt**

§ 13; Rengjøring og vedlikehold

Fylgjande observasjon ligg til grunn for merknaden:

Ved gjennomgang av reingjeringsrutinar, vart det ikkje funne rutinar for reingjering av berøringspunkt som for eksempel dørhandtak, brytarar og liknande.

Kommentar:

Barnehagen bør ha rutinar for jamleg reingjering av berøringspunkt for å unngå smittespreiing.

- **Merknad 4 - 5: Sikre inne- og utemiljø for å unngå skadar**

§ 14; Sikkerhet og helsemessig beredskap

Fylgjande observasjon ligg til grunn for merknadane:

4. Det er montert knuselege spegel på avdelingane i barnehøgde.
5. Uteområdet har eit naturområdet som bl.a. har høge steinar og skrentar samt trær og røter. Tiltak for å betre tryggleiken må utførast etter risikokartlegging.

Kommentarar:

4. Spegel som kan knusas må sikrast eller bytast ut med anna materiale/spegl som ikkje kan knusast.
5. Risikokartlegging og tiltak må utførast for naturområdet for å sikre tryggleiken til barna.

- **Merknad 6: Betre trafikktryggleiken**

§ 14; Sikkerhet og helsemessig beredskap

Fylgjande observasjon ligg til grunn for merknaden:

Barnehagen har parkeringsplass utanfor porten til barnehagen. Her parkerer føresette ved levering og henting av barna. Det er ingen rutine for køyremønster ved parkering, så dei fleste **køyrrer inn i** parkeringslomme. Det kan fort oppstå trafikkfarlege situasjoner når føresette **rygger ut** frå parkeringslomma.

Kommentar:

Det er anbefalt at ved levering og henting at føresette **rygger inn i** parkeringslomme. Dette for å ha betre oversikt over trafikkbiletet, og unngå farlege situasjoner.

Informasjon og ev. plakat vil hjelpe på å endre køyremønster (rygge inn i parkeringslomme).

- **Merknad 7: Barnehagen har få toalett**

§ 23; Sanitære forhold

Fylgjande observasjon ligg til grunn for merknaden:

Barnehagen har 5 toalett berekna på barna. Det er eit toalett (HK) for tilsette. Forskrifta seier at det skal vere tilstrekkeleg tal toalett og vaskar, minst 1 pr. 10 barn.

Kommentar:

Dersom barna også kan nytte toalett til personalet, er det nok toalett og vaskar til 60 barn. Personalet bør ha eige toalett, så barnehagen bør leggje til rette for fleire toalett. Minst eit bør vere tilgjengeleg frå uteområdet.

Anna:

Vedlikehaldsplan er under oppdatering.

Ei vedlikehaldsplan skal sikre at teknisk og funksjonell standard vert opprettholdt for heile bygningsmassen. Vedlikehaldsplan for bygningsmassen må beskrive innvendig og utvendig vedlikehald. Denne bør vere eit styringsdokument for kartlegging av vedlikehaldsbehov med påfølgjande kostnadar på kort og lang sikt.

Barnehagen bør ha legionellakkontroll angående personaldusj.

Personalet har dusj som sjeldan vert nytta. For å unngå fare for ev. Legionella, må det lagast rutinar for gjennomspycling og reingjering av dusjanlegg. Synar til «FHI: Vannrapport 123».

➤ Tilbakemelding på merknadar

Det vart påpekt 7 merknadar på tilsynet.

Utbetring av merknadar bør utførast, ev. bør merknadar setjas inn i ei handlingsplan.

Miljøretta helsevern ynskjer tilbakemelding på merknadar innan **01.05.19**.

Tilbakemelding sendast til **mjge@lindas.kommune.no**, eller Lindås kommune ved Miljøretta helsevern, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø.

➤ Oppsummering og vurdering

Ut i frå tidlegare dokumentasjon ser ein at barnehagen har godkjenning etter «*Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.*» for 72 barn (over 3 år). Teikningar synar at leike- og opphaldsareal ikkje er tilfredsstilande for 72 barn, men nok til 65 barn over 3 år. Barnehagen har ikkje tilfredsstilande tal toalett til 65 barn.

Ut i frå ei total vurdering med omsyn på leike- og opphaldsareal, storleik på garderober og tal toalett, vurderast det at barnehagen er egna for inntil 60 barn over 3 år.

Det vart i etterkant av tilsynet og i samråd med barnehagefagleg rådgjevar Mette Marei Træland vurdert at helseverngodkjenninga til Læringsverkstedet Maurtua endrast, slik at den gjeld for 60 barn over 3 år.

Ved gjennomgang av dokumenter i saka samt synfaring, vurderer Miljøretta helsevern at Læringsverkstedet Maurtua oppfyller vilkåra for godkjenning.

➤ Vedtak

Læringsverkstedet Maurtua godkjennast med heimel i § 6 i «*Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.*» for inntil 60 barn over 3 år.

Tal barn i barnehagen må justerast i høve til alderssamsetjinga i barnegruppa.

Godkjenning er gitt med bakgrunn i synfaring på barnehagens inne- og uteområde den 20.02.19.

Ved vesentlege endringar i drift eller bygningsmessige forhold, skal det på førehand søkast om godkjenning.

Med helsing

Tord Moltumyr
kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde
teknisk-hygienisk ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Om klage over vedtak:

Vedtaket kan påklagast til Fylkesmannen etter *Forvaltningsloven kap. 6* og *Lov om folkehelsearbeid § 19*. Klagen skal vere skriftleg og grunngjeve, og sendast kommunen v/Miljøretta helsevern (Lindås kommune). Frist til å klage er satt til 3 veker frå dette brevs mottaksdato.

Link:

Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1995-12-01-928>

Veileder til forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler

<http://helsedirektoratet.no/publikasjoner/miljo-og-helse-i-barnehagen/Sider/default.aspx>

FHI: Vannrapport 123

<https://www.fhi.no/globalassets/dokumenterfiler/rapporter/2015/forebygging-legionellasmitte-veiledning.pdf>

Kopi til:

Martin W Kulild
Meland kommune
Mette M. Træland